

Protokoll frå årsmøte i Bygdelaget 5915 – 21 mars 2024

Stad: Steinarstova i Storstova, Leknes

Årsmøtet starta med flott song og musikk frå Ingrid Helene Raunehaug før det var servering av vårrullar.

1. **Val av møte leiar og møteskrivar og to til å skriva under årsmøteprotokoll.**
Vedtak: Inger Helen Midtgård vart vald til møteleiar og møteskrivar. Wenche M. Grønnevik og Gunnar Angelskår vart valt til å skriva under protokoll.
2. **Godkjenning av innkalling og sakliste.** Innkalling og sakliste vart godkjend. Det var ei innkomen sak innan fristen
3. **Årsmelding 2023.** Årsmeldinga vart lese opp, avsnitt for avsnitt, kommentert og godkjend.
4. **Rekneskap 2023.** Kasserar gjekk gjennom rekneskapen. Rekneskapen var revidert og funnen i orden. Vedtak: Rekneskapen for 2023 vart godkjend.
5. **Innkomne saker:** Det er komen innspel om at Bygdelaget skal engasjera seg i å få ei flytande badstove på Hjelmås. Årsmøtet debatterte saka, såg henne som positiv, men samtidig at dette må vera ei sak med fleire aktørar i, slik som Hjelmås handelslag, heilårsbadarane på Hjelmås kai, andre lag og organisasjonar i bygda. Bygdelaget vil saman med andre ta initiativ til eit møte, og arbeida for at det vert ei arbeidsgruppe som ser på ulike løysingar av alle spørsmål som må avklarast (t.d. økonomi, grunnforhold, tilsyn og drift, ein synfaring til Mjøsvågen og læra av deira erfaringar kan vera ein god start for gruppa)
6. **Handlingsplan 2024-2026.** Handlingsplanen vart godkjend med tillegg om å oppretta arbeidsgruppe for flytande badstove
7. **Budsjett 2024. Framlegg til budsjettet vart godkjend**
8. **Val:**
Gunnar Angelskår la fram valnemnda si innstilling:
Styret:
Inger Helen Midtgård (leiar, ikkje på val)
Osvald Fyllingen (ikkje på val)
Mathias Midtgård Håland (ikkje på val)
Eivind Ertesvåg (fast medlem, attval 2 år)
Wenche Merete Grønnevik (fast medlem, attval 2 år)
Charlotte Grøttveit (vara, ikkje på val)
Andreas Dyngen(vara, 2 år)
Valkomite:
Cathrine Gangstø (ikkje på val)
Kjell Synnevåg (ikkje på val)
Arnhold H. Tvete (attval 2 år)
Gunnar Angelskår (vara) attval , 2 år
Revisor:
Styret får fullmakt til å oppnemna revisor.

Leknes 1. april 2024

Gunnar Angelskår

Wenche M. Grønnevik